

Invitasjon til medverknadsmøte

Fjell kommune ønskjer å invitera deg til medverknadsmøte for områderegulering av Bildetangen (SE1 på Nordre Bildøyna).

Medverknadsmøtet vert halde i kantina på Fjell ungdomsskule, onsdag 10. april, kl. 18.00.

Du mottar denne invitasjonen fordi du er aktiv i råd, lag, utval, eller tilsvarande i Fjell kommune, og dine innspel er ønska som ledd i vidare planlegging av det framtidige byområdet på Bildetangen.

Føremålet med møtet er å gje informasjon og status om planarbeidet, og få innspel til vidare planlegging og utvikling av konkrete tema.

Det er særleg tre overordna spørsmål som vil verta løfta fram:

1. Korleis skape gode nabolag?
2. Kva ønskjer har du for framtidige bustader på Bildetangen?
3. Korleis kan utviklinga av Bildetangen styrke strileidentitet og kystkultur?

Førebels program

Kl. 18.00 Opning ved leiar i KPU og saksordførar Henning Ekerhovd

Kl. 18.10 Informasjon om overordna plan og status for Sotrasambandet ved Planavdelinga

Kl. 18.20 Orientering om status og framdrift for planarbeid av utbyggjar (Liegruppen)

Kl. 18.30 Drøfting i grupper (drøfting av dei tre overordna spørsmåla).

Kl. 19.30 Presentasjon av drøfting i grupper

Kl. 19.45 Avslutning

Meir om Bildetangen

Bildetangen er namnet på den planlagde utvidinga av Sotra Kystby.

Hovudføremålet med utviklinga er å knytte sentrum av Sotra Kystby mot sjøen. Det vert her planlagt meir enn 3000 bustader, og mykje areal til nye næringsverksemdar.

Området er i overordna plan sett av til sentrumsformål, og det er opna for vidare planlegging av alt frå leilegheiter, kontor, forretning, hotell, park, og mykje anna i eit urbant bysentrum.

Les meir på www.bildetangen.no

Meir om planstatus og framdrift

I 2013 ble kommunedelplanen for Nordre Bildøyna samrøystes godkjent av Fjell kommune, der heile Bildetangen vart lagt inn som framtidig sentrumsformål.

I 2014 starta områdereguleringa der målet mellom anna er å finne gode løysingar for kulturminna, fastsetje ei hovudgate gjennom planområdet, føreslå inndeling i delområder for vidare planlegging, med meir. Områdereguleringa er eit overordna plannivå, og skal danne grunnlag for meir detaljerte planar for ulike delområder.

Når områdereguleringa er godkjent kan arbeidet med detaljreguleringsplanar starte. Først her vil konkrete forslag til utforming av bygg og plasser bli vedtatt. Når detaljreguleringsplanane er godkjent kan byggestart på ulike byggeprosjekter gjerast. Ei førebels overordna målsetjing er at når det nye Sotrasambandet vert opna, kan ein samstundes setje nøkkelen i døra på første ferdige bustadbygg på Bildetangen.

Les meir på <https://www.fjell.kommune.no/plan-bygg-og-eigedom/kommunen-sine-planar/pagaande-plan-areal---sotra-kystby/>